



Sterkt solo pianoalbum frå Svein Olav Herstad.

## Set nattergalen fri!

Ei ny plate frå Svein Olav Herstad er noko vi alltid ser fram til. Åleine ved flygelet glitrar han med eit verkeleg strålende album.

Når «Free The Nightingale» opnar med Bill Withers' «Ain't No Sunshine», kjenner eg alt sitringa, over eit album der Herstad verkeleg lar den lyriske åra få fritt løp. På tittelsporet har han laga sin eigen intro til fabuleringar rundt ein song svært mange kjenner, men kven hugsar at det er Eric Maschwitz og Manning Sherwin som står bak «The Nightingale sang in Berkeley Square»? Sidan songen med britisk opphav vart publisert i 1940 er han ein av dei meste sungne i jazz og populærsongboka. Om Herstad ikkje er den som oftast er i rampelyset, er saudaværingen som no bur i Haugesund éin av våre finaste jazzpianistar, med platedebuten «Dig» i 1993 med Harald Johnsen og Harald Engan med status som samleobjekt. «Sommerregn» kom i 2002, og er eit sterkt live-album med den amerikanske saksofonisten Sonny Simmons (Suite for Sonny Simmons) i 2007. To album med bandet til Jan Erik Kongshaug høyrer med, saman med debutalbumet til Christina Bjordal, «When Dreams Begin».

### SOLO-SESONG


Men før vi går oss vill i merittlista – attende til albumet der Svein Olav Herstad etter opningsporet leverer ein reinskoren versjon av Thelonious Monks «Off Minor», som med venstrehandas enkle «komp» spelar opp til soloformatet meisteren også dyrka. Herstads versjon av «Moonlight in Vermont» har ein fin liten vri på «verset», og med ein eigen versjon av «Alone Together» sender han i alle fall assosiasjonane mine til Ray Charles og Betty Carter. Lett nynnande har pianisten teke oss inn det romantiske rommet, der han også plasserer Dizzie Gillespies klassikar «Con Alma», som ein vakker ballade. Berre to av låtane (pluss introen til «Nightingale») har Herstad skrive sjølv. Til gjengjeld er «For Moscow Art» ein sterk tribut til Micha Alperin og hans trio. For ein solopianist er det nok av låtar i songboka. Éin av dei er den vakre «Old Country», før Herstad frigjer nattergalen på platas lengste spor. Det er sesong for solopianistar, med Steve Dobrogosz og Olga Konkova sterkt i minnet. No kan du også høyre Svein Olav Herstad glitre, på albumet som tonar ut med hans eigen «For Q».

### KEISARJAZZ

Mellomaldermusikk frå det trettande hundreåret, her innspela i Castel del Monte i Italia og i Heidelberg, er utgangspunktet for



Svein Olav Herstad  
«Free The Nightingale»  
Ponca Jazz (Musikkoperatørene)



Knut Rössler & Johannes Vogt  
«Octagon»  
ACT (Musikklosen)



Carsten Dahl Experience  
«Humilitas»  
Storyville (Musikklosen)

musikken på albumet «Octagon». Det er saksofonisten Knut Rössler og gitarist Johannes Vogt som står bak prosjektet Between The Times, som i møte med den klassiske songaren Ute Kreidler har spela inn musikken. Instrumenta er meir moderne enn på Keiser Frederick II av Hohenstaufen (1194-1240) si tid, ein kulturens mann som herska over både Italia og Tyskland. Han står bak nokre av songane, og oktagonrommet i slottet kan ha vore møtestad for kunst og musikk frå mange kulturar og religionar. Dei historiske detaljane finn du i CD-heftet. Her er tekstar av samtidas store poetar, og éin av songane skriv seg frå Hildegard von Bingen, tysk abbedisse, mystikar og komponist. Dei andre i bandet er perkusjonist Werner Goosh og bassisten Günter Lenz, og framført på instrument frå vår tid får musikken også eit moderne samtidsuttrykk. Resultatet er 16 stykke som spenner over eit vidt spekter, og ein tribut til ein keisar og stor fritenkjar! Berre det er sjeldan vare for tida.

### DAHLS OPPLEVING

Bandet oppstod under ein konsert i Københavns jazzhus i 2008, der pianisten Carsten Dahl inviterte tre av dei beste musikanane han kjende til ein konsert i fri utfolding. Resultatet vart at han med Experience som bandet heiter reiste til Rainbow Studio i Oslo. «Humilitas» er Carsten Dahls første plate i eige namn sidan 2006, og med Jesper Zeuthen på altsaksofon, Nils «Boss» Davidsen på bass og Stefan Pasborg på trommer eit forrykande og kanskje overraskande album, frå den elles «streite» frontfiguren i dansk jazz.



## Inderleg med Smyr

Det er noko inderleg, sterkt og nesten sakralt over det vokalgruppa Smyr framfører på det nye albumet «Vandring» (AIM Sound City/Musikkoperatørene), ei vandring dei sjølve kallar eksistensiell. Namnet deira er like kort som Pust og Pitsj, to andre vokalgrupper som er plateaktuelle dette året. Men med sine tretten år er gruppa der alle kjem frå Ålesund den eldste, med ein sterk debut i 2003 med albumet «St. Sunniva». Dei musikalske referansane er mange, frå kyrkjemusikk, jazz, folkemusikk og gregoriansk folkemusikk, og dei meiner sjølve dei har teke eit steg nærare jassen, med trompetist og elektronikktraktør Steinar Løberg Værnes som nytt tilskot. Kristin Eldhamar Næss, Anne Birte Bjørdal Hanken, Ingvild Drønnen og Gunhild Marie Roald manglar elles neppe referansar i jazz og korfylket. Utanom bruk av to tekstar av Olav H. Hauge har dei skrive all tekst og musikk sjølve til eit nytt sterkt album, innspela i Borgund kyrkje i heimbyen.



## Kjærleikens fargar

«A Song Of Love's Color» (Jazzheads/Musikklosen) er tittelen på albumet til den tyskfødde vokalisten Gabriele Tranchina. Ho er busett i New York, der ho hatt fått med seg musikanar av bra standard. Éin av dei er pianisten Joe Vincent Tranchina, som også har skrive dei fleste låtane og alle arrangementa. Det er tretten latininspirerte songar sungne på seks språk. Gabriele Tranchina er i støtet.

ROALD HELGHEIM

